



Helge Kleiven
Dalane 3a
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/988 - 23/20285

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
16.03.2023

Førebels svar trong for tilleggsopplysningar - gbnr 108/226 Lindås

Tiltak: dispensasjon
Byggjestad: Gbnr: 108/226
Tiltakshavar: Elisabeth Rosnes
Ansvarleg søkjar: Helge Kleiven

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 01.02.2023.

Vi viser til søknad om dispensasjon frå diverse tilhøve motteke 01.02.2023.

I søknad opplyser de om at Alver kommune som grunneigar ikkje er varsla om tiltaka og at de reknar med at det vert løyst gjennom handsaminga av søknaden i kommunen.

Alver kommune opptrer på lik line som alle grunneigarar når dei er nabo, gjenbuer eller på anna vis part i ein søknad etter plan- og bygningslova. Det er dykkar ansvar som søkjar og tiltakshavar å varsle alle partar i ei sak jf. plan- og bygningslova § 21-3.

Med omsyn til mur/levegg plassert delvis i og til dels på høvesvis eigedom gbnr 108/260 og gbnr 108/604 så må de i tillegg til nabovarsling innhente erklæring om rett til plassering av mur/levegg. De må kontakte dei respektive grunneigarane og innhente slik erklæring. De kan nytte vedlagd blankett, vi vil tilrå at det ved blankett vert lagt ved kartutsnitt som syner plasseringa slik de og aktuell heimelshavar vert eining om.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dokumentasjon på nabovarsling av heimelshavar gbnr 108/604
2. Naboerklæring eigedom gbnr 108/260.
3. Naboerklæring eigedom gbnr 108/604.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 16.04.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

nabosamtykke.-erklaring-om-avstand. (1)

Kopi til:

Elisabeth Rosnes
Helge Kleiven

Dalane 3a
Dalane 3a

5955 LINDÅS
5955 LINDÅS

Mottakarar:

Helge Kleiven

Dalane 3a

5955 LINDÅS